

Rullering av  
kommunedelplan for trafikksikring  
2016-2020

Framlegg til planprogram  
18.02.16



## Innhald

1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringar for planarbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensing av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift

### 1. Bakgrunn for planarbeidet

Gjeldande kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022 vart godkjent i kommunestyret 28.10.2010.

Handlingsplanen, med forslag til tiltak, skal vurderast årleg og kommunedelplanen skal rullerast kvart 4. år.

Handlingsplanen har vore vurdert i perioden 2010-2015 og ein del tiltak er utført.

Manglande ressursar har resultert i at den firårige rulleringa ikkje er komen i gang før.

Planen gjeld for alle riks-, fylkeskommunale- og kommunale vegar i Lindås kommune. Sentrale aktørar, Statens vegvesen og Hordaland Fylkeskommune, har stor interesse for innhaldet i planen, spesielt med tanke på handlingsplan kap. 5 og prioritering av tiltak.

Auka utbygging, endringar lokalt og utførte tiltak fører til behov for nye innspel og ein revisjon av eksisterande handlingsplan med tiltak.

### 2. Føremål

Kommunedelplanen for trafikksikring skal vere eit verktøy for å oppnå målsetjinga kommunen har for trafikktryggleiken i Lindås kommune.

Gjennom planarbeidet skal ein sikre god forankring gjennom medverknad både frå innbyggjarar, fylkeskommunale- og statlege samferdsleorgan.

### 3. Føringar for planarbeidet

Planarbeidet tek utgangspunkt i kap. 5 Handlingsplan og vil vurdere tiltaka som er lista der samt nye innspel. Det haldningsskapande arbeidet med trafikksikring er godt etablert i Lindås kommune. Det vert lagt vekt på vidareføring av det førebyggjande arbeidet i denne rulleringa. Arbeidet vil óg gå ut på å oppdatere statistikkar, grafar etc. i kap. 2 og 3 med dagens tal. Visjon og målsetjing vil stå slik den er gjeven i gjeldande plan.

## 4. Mål

Det vert ikkje lagt opp til full revisjon av kommunedelplanen. Visjon og mål vert ståande slik dei er i gjeldande plan.

### **VISJON: Ingen skadde eller drepne på vegane i Lindås kommune.**

I arbeidet mot visjonen er det i gjeldande kommunedelplan, lagt fokus på tre ulike strategiar. Desse strategiane, med tilhøyrande mål, er:

- Trafikkopplæring, informasjon og kontroll  
Hovudmål: Skapa gode haldningar og framferd i trafikken gjennom opplæring, informasjon og kontroll
- Vegutforming og fysiske tiltak  
Hovudmål: Betra vegutforminga og gjennomføra fysiske tiltak for å få eit vegnett med færre ulykker og utan alvorleg skadde.
- Kommuneplanlegging og forvaltning  
Hovudmål: Trafikksikring skal vere eit tema i kommuneplanen. I ROS analysen for nye planar skal trafikktryggleiken vurderast særskilt og det skal utførast TS-vurdering på alle plannivå.

Målet med rulleringa:

- få ein oppdatert kommunedelplan for trafikksikring
- få ei oppdatert framstilling av dei tiltaka som skal prioriterast i åra framover i samarbeid med statlege og regionale aktørar.

## 5. Tema og avgrensing av innhald

I planprosessen legg vi opp til å rullere fylgjande delar i kommunedelplan for trafikksikring:

- Hovudfokus vert på kap. 5 Handlingsdel.  
I samband med oppdatering av kap. 5 er det bedt om innspel frå innbyggjarane i Lindås kommune. Innspela vert vurdert på lik linje med eksisterande punkt i handlingsplanen. Vurderinga skal takast i samarbeid med utvida prosjektgruppe som er sett saman av representantar frå statlege og regionale aktørar.  
Handlingsdelen vert oppdatert med både fysiske og haldningsskapande tiltak.  
Det vil bli utarbeida eit eige avsnitt for framtidig organisering av trafikksikringsarbeidet.
- Planen vil bli oppdatert med siste tilgjengelege talmateriale.  
Oppdateringa vil vere avgrensa til nyare tal i tekst, statistikkar og bilete/grafar i:
  - o kap. 2 Presentasjon av kommunen
  - o kap. 3 Registreringar og problemanalyse
- Lindås kommune er i gang med eit prosjekt som skal få på plass ein analyserapport for å kartlegge kva som skal leggest til grunn for særleg farleg skuleveg.  
Vurderinga frå analyserapporten vil bli lagt inn som del av den rullerte kommunedelplan for trafikksikring.

## 6. Planprosess og medverknad

### 1. Organisering

Politisk styringsgruppe:	Formannskapet
Administrativ styringsgruppe:	Rådmannsgruppa
Prosjektansvarleg:	Assisterande rådmann
Prosjektleiar:	Representant teknisk drift vegavd.
Prosjektgruppe:	Representant teknisk drift vegavd.
	Representant teknisk drift vegavd.
	Representant skule
	TS-koordinator
Utvida prosjektgruppe:	Prosjektgruppe
	Statens Vegvesen
	Hordaland fylkeskommune
	Trygg trafikk
	Politi
	Brann/redning
Referansegruppe:	Einingsleiar skule
	Rektormøtet
	Kommunalt Foreldreutval
	Kommuneoverlege
	Representant planavdelinga
	TSU

## 2. Medverknad i planprosessen

I prosessen legg ein opp til stor grad av medverknad.

- Innhente innspel frå innbyggjarane.
- Innspel frå statlege og regionale styresmakter samt kommuneorganisasjonen.
- Prosjektgruppa vil involvere referansegruppa fortløpande i planprosessen.

## 3. Høyring

Høyring av rullert kommunedelplan vert sendt til referansegruppe, utvida prosjektgruppe og nabokommunane.

Dokumentet vil og verta lagt ut på heimesida til kommunen, linka på facebook samt tilgjengeleg i ekspedisjonen på rådhuset. I tillegg vert planarbeidet kunngjort i lokalavisene.

Høyringsfristen er sett til 6 veker. Dette i samsvar med plan og bygningslova §§ 11-4 og 11-5.

## 7. Framdrift

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan:

Aktivitet	Haust 2015	Vår 2016	Haust 2016
Innspel til trafikksikringsplanen – 6 veker	Annonisert 19.12	Frist 31.01	
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling		08.02	
Framlegg til planprogram – ut til offentlig høyring		18.02	
Framlegg prosjektmandat– politisk handsaming		18.02	
Offentleg kunngjering		Veke 8	
Frist for merknader og innspel til planprogrammet		Veke 14	
Endeleg vedtak Planprogram – formannskapet		28.04	
Vedtak av planprogram – kommunestyret		12.05	
Framlegg til Kommunedelplan for trafikksikring – formannskapet vedtak om høyring		01.09	
Frist for merknader og innspel til kommunedelplan for trafikksikring		21.10	
Endeleg vedtak Kommunedelplan trafikksikring – formannskapet		10.11	
Endeleg vedtak Kommunedelplan trafikksikring - Kommunestyret		08.12	